

---

NOTAT NR. 8/2015 | Kjersti Straume

---

# DEN NYE REGIONEN

Frå Runde til Videsæter



MØREFORSKING

---



---

|                   |                              |
|-------------------|------------------------------|
| TITTEL            | Den Nye Regionen             |
| FORFATTAR         | Kjersti Straume              |
| PROSJEKTLEIAR     | Kjersti Straume              |
| NOTAT NR.         | 8/2015                       |
| SIDER             | 50                           |
| OPPDRAKGIVAR      | Sparebank 1 Søre Sunnmøre    |
| ANSVARLEG UTGIVAR | Møreforsking Volda           |
| DISTRIBUSJON      | Elektronisk                  |
| NØKKELORD         | Regionalutvikling, mobilitet |

---

## SAMMENDRAG

Notatet presenterer resultata av ei undersøking utført på oppdrag av Sparebank 1 Søre Sunnmøre. Undersøkinga er utført som ei reundersøking av tilsvarende arbeid i 2011. Målet med arbeidet har vore å sjå nærmare på mobilitet og endringa av mobilitet mellom kommunane som no er knytt saman av Eiksundsambandet og Kvivstunnellen. Datamaterialet er henta inn gjennom ein opinionsundersøking utført av Respons. Materialet viser ein stadig aukande mobilitet mellom kommunane på kvar av sidene i sambanda, og det gir grunnlag for å peike på ein stadig pågåande integrasjon mellom kommunane i det vi her kallar den «Nye Regionen».

---

© FORFATTAR/MØREFORSKING VOLDA

Føresagnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforsking Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

---

---

## DEN NYE REGIONEN

*"FRÅ RUNDE TIL VIDESÆTER"*

---

**KJERSTI STRAUME** | Utarbeidd på oppdrag for  
Sparebank 1 Søre Sunnmøre | 05.11.2015



Denne lysbildeserien er utarbeidd av Møreforsking på oppdrag for Sparebank 1 Søre Sunnmøre, og er ei reundersøking av tilsvarende arbeid utført i 2011.

## MÅL

- **Undersøkje mobilitet og endring i mobilitet mellom kommunane som no er knytt saman av:**
  - Eiksundsambandet (opna februar 2008, avgiftsfritt juni 2014)
  - Kvivstunnellen (opna september 2012)
- **Gi peikepinnar om graden av integrasjon mellom ei ulike delane av den «Nye Regionen»**

Målet med arbeidet har vore å undersøkje mobiliteten og endringa av mobilitet mellom kommunane i den nye regionen som no er knytt saman av dei to vefsambanda gjennom Eiksund (2008) og gjennom Kviven (2012).

Omfanget av mobilitet mellom kommunane på kva side av desse sambanda kan igjen gi oss nokre signal om graden av integrasjon mellom dei ulike delane av denne «Nye Regionen»

## DATA

- To opinionsundersøkingar,
  - 2011
  - 2015
- 100 personar i kvar av kommunane Stryn, Hornindal, Volda, Ørsta, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid



Materialet som vert presentert er basert på to opinionsundersøkingar (utført av Respons). Den første vart utført i 2011, og den andre sommaren 2015. Sidan den fyrste undersøkinga har det då gått fire år, sju år sidan opninga av Eiksundsambandet (2008) og tre år sidan opninga Kvivstunnelen (2012).

Undersøkingane baserer seg på eit utval av 100 personar i kvar av kommunane Stryn, Hornindal, Volda, Ørsta, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Kva av personane i undersøkingane har svart på ei rekke spørsmål. Spørsmåla som vart nytta var identiske i dei to undersøkingane utført omsynsvis i 2011 og 2015 slik at dei er samanliknbare.

I denne presentasjonen har vi også nytta relevant statistikk slik at vi kan sjå funna i lys av generelle utviklingstrekk i regionen.


## DEN NYE REGIONEN



Kjelde: Statens kartverk

Dersom vi set Volda som eit geografisk midtpunkt, er det etter opninga av dei to nye vegsambanda skapt ein ny region som femner om 8 kommunar; Volda, Ørsta, Stryn, Hornindal, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Til saman bur det over 50 000 innbyggjarar i desse kommunane.

## DEN NYE REGIONEN




Kjelde: SSB og Statens Kartverk

Innan for ein time i bil kan ein nå tettstadane Larsnes, Fosnavåg, Ulstein og Hareid i ytre del av regionen, Ørsta og Nordfjordeid i midtre del av regionen og Hornindal, Stryn og Hellesylt i den indre delen av regionen

For å kunne dekke heile den storregionen som no kan nåast innan ein times reiseavstand frå Volda sentrum utvida vi undersøkinga i 2015 med to kommunar til; Eid og Stranda. Men her presenterer vi data frå dei 8 opphavelege kommunane sidan det er desse vi no har endringsdata på.

## DEN NYE REGIONEN




Kjelde: SSB og Statens Kartverk

Gjer vi ein folketalsanalyse innan for 60 minuttars-reisevegen får vi ein region med om lag 53 000 innbyggjarar (per 1.1 2014)

## FOLKETALSAUKE

Utviklinga av folketalet i den Nye Regionen  
(1.1.2000-1.1.2015)



MØREFORSKING


SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: SSB; Statistikkbanken

Folketalsveksten er positiv i den nye regionen. Ved inngangen til år 2000 var det 49.251 innbyggjarar i dei 8 kommunane til saman. Ved inngangen til 2015 hadde folketalet auka med 3617 menneske til 52.868 personar.

## FOLKETALSAUKE

Prosentvis endring i folketal i den  
Nye Regionen  
(1.1.2000-1.1.2015)




Kjelde: SSB; Statistikkbanken

Folketalsveksten held fram i regionen om enn noko svakare enn i topp åra frå 2009-2011.

## FOLKETALSAUKE


Endring i Folketalet



Kjelde: SSB; Statistikkbanken

Statistikken viser prosentvis endring i folketalet dei to siste 5-års periodane. Folketalsveksten er størst i Ulstein i begge dei to periodane (rundt 10%). I begge periodane og spesielt i den siste er folketalstilveksten markant størst i den ytre delen av den nye regionen (Sande, Herøy, Ulstein og Hareid).

## NETTOFLYTTING OG NETTOINNVANDRING



Kjelde: Statistikkbanken, SSB


Ytre: Sande, Herøy, Ulstein og Hareid  
 Midtre: Volda og Ørsta  
 Indre: Stryn og Hornindal

(folketal 1.1.15: 24 926)  
 (folketal 1.1.15: 19 566)  
 (folketal 1.1.15: 8 376)

Nettoflytting varierer i delregionane over tid, men denne er negativ. Tilveksten i regionen er prega av innvandring fra utlandet. Den er no svakare enn i topp åra 2009 og 2010 men framleis sterk.

## INNVANDRARBEFOLKING

Innvandrarar i prosent av folketal per 1.1



Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Innslaget av innvandrarar i befolkninga i regionen aukar. Vi har ein arbeidsmarknad som framleis er avhengig av at arbeidsinnvandrarar kan fylle viktige funksjonar både i offentlege og privat sektor. Innslaget av arbeidsinnvandring er stor og størst i ytre og indre delar av regionen, men sett under eit er vi enno under nivået på landsbasis. Største delen av innvandrarane har europeisk bakgrunn.



Kjelde: Fjord 1 og Statens Vegvesen

Trafikken gjennom Eiksundsambandet auka direkte som ein fylgje av opninga av tunellen i februar 2008. Frå 846 køyretøy per døgn med ferje i 2007 (siste heile året med ferje) til 1721 køyretøy per døgn i 2009 (det første heil året med tunellsamband). Etter dette har trafikken fortsett å auke, i 2014 vart det målt ein årsdøgntrafikk på heile 2547 bilar.


I juni 2014 vart Eiksundambandet avgiftsfritt, også dette kan ha bidrøge til å halde ved like auken i biltrafikken.

Ein vedvarande sterk trafikkauke gjennom sambandet er ein sterk indikasjon på at dette vegsambandet har svært stor betydning for folk, samfunns- og næringsliv i regionen.

Trafikken gjennom Kvivstunellen viser også ei jamn auke frå opninga og fram til i dag. Enno har vi berre to heile år med tunellsamband, men i denne perioden auka trafikken frå 1118 til 1325 bilar per døgn.

## BILTRAFIKK

Endring av årsdøgntrafikk i prosent frå 2013-2014




Kjelde: Statens Vegvesen

Dersom vi samanliknar trafikkauken gjennom Eiksundsambandet og Kviven dei to heile åra etter at Kvivsvegen opna med to andre trafikkteljepunkt (her Hovden på E39 ved flyplassen og Bilndheimstunnellen) ser vi at auken langt overstig trafikkauken på dei to andre målepunkta.

## PENDLING

*Framleis sterkt vekst i pendlinga gjennom Eiksundsambandet:*



Kjelde: Statistikkbanken, SSB


Her ser vi på bruttopendling (pendling begge vegar) via Eiksundsambandet og via Kviven.

I pendling gjennom Eiksundsambandet er all pendling mellom kommunane i Ytre (Sande, Herøy, Ulstein og Hareid) på den eine sida og kommunane i Midtre (Volda og Ørsta) og Indre (Stryn og Hornindal) på den andre sida tekne med.

Pendlinga har variert over tid og er naturleg nok konjunkturavhengig, men etter 2004 har tal pendlarar auka jamt gjennom Eiksundsambandet med eit lite ekstra «hopp» rundt opninga av tunnellen (frå 2007-2008).

## PENDLING

*Framleis sterkt vekst i pendlinga gjennom Eiksundsambandet:*




Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Om vi samanliknar med pendling mellom Ytre og Ålesund ser vi at veksten er sterkare gjennom Eiksundsambandet, og at pendlinga mellom Ytre på den eine sida og Midtre/Indre på den andre sida har unngått nedgangen i 2009 og 2010 som var urolige år på arbeidsmarknaden.

## PENDLING

*Framleis sterkt vekst i pendlinga gjennom Eiksundsambandet:*



Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Inkludert i pendling gjennom Kviven er all pendling mellom kommunane i Indre på den eine sida og kommunane i Midtre/Ytre på den andre sida.

Pendlinga mellom desse kommunane har også variert over tid. Men like før og etter at Kviven opna kan vi sjå ein aukande vekst i tal pendlarar med ein topp då tunellen opna (2012). Etter opninga viser endringa frå 2013 til 2014 ein svak negativ vekst.

Det er viktig å ta med at her er det snakk om eit lite tal pendlarar og såleis får små variasjonar store utslag.

Trulig vil ein trenge eit lenger tidsperspektiv for å kunne sjå effekten av tunellopinga gjennom Kviven og om dette fører til ei aukande pendlartal og ein meir integrert arbeidsmarknad på tvers av desse kommunane.

## ARBEIDSSTAD



*Kor aktuelt vil det vere for deg å velgje arbeidsstad i fylgjande kommunar?*



Illustrasjon: Google Earth

## PREFERANSE FOR ARBEIDSSTAD (2015)

0 = uaktuelt, 100 = svært aktuelt (lineær skala, snitt av dei spurte)

Bustadkommune

|                |           | Hornind.  | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |    |
|----------------|-----------|-----------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|----|
|                |           | Hornindal | 89    | 61    | 13    | 14      | 16     | 12    | 50    | 40 |
| Arbeidskommune |           | Stryn     | 84    | 88    | 12    | 14      | 15     | 12    | 34    | 29 |
|                | Hornindal | 11        | 7     | 80    | 46    | 44      | 36     | 19    | 22    |    |
|                | Stryn     | 18        | 6     | 59    | 89    | 66      | 53     | 37    | 37    |    |
|                | sande     | 26        | 15    | 66    | 68    | 95      | 81     | 56    | 51    |    |
|                | Herøy     | 21        | 11    | 44    | 45    | 74      | 86     | 38    | 33    |    |
|                | Ulstein   | 77        | 41    | 43    | 46    | 60      | 42     | 91    | 76    |    |
|                | Hareid    | 62        | 29    | 44    | 49    | 57      | 43     | 80    | 85    |    |
|                | Volda     | Ørsta     |       |       |       |         |        |       |       |    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

På dette spørsmålet har det blitt brukt ein skala frå 1-6, der 6 er mest positiv. Denne skalaen har blitt omrekna til ein index der 1=0 (uaktuelt) og 6=100 (svært aktuelt). Verdiane er ein gjennomsnitt av svara i kvar kommune. Høge verdiar viser preferansar for arbeidsstad.

Primært er det sterke ynskjer for arbeidsstad i eigen kommune (blå tal). Dei farga felta viser tendensar i arbeidskraftmobiliteten.

Over 50 = mørk raud

Mellom 30 og 50 = lys raud

Integrasjonen er sterkest innan for dei tre delregionane (Indre, Midtre og Ytre). Men det er viktig å merke seg at den midte regionen i stor grad ser det som aktuelt å finne seg arbeidsstad både i ytre og i indre delar av regionen, og motsett: Ytre og Indre ser midtre delar av regionen som aktuell arbeidsstad.

## PREFERANSE FOR ARBEIDSSTAD (ENDRING)

Absolutt endring frå 2011 til 2015

Bustadkommune

| Arbeidskommune | Hornindal | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
|----------------|-----------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|                | Hornindal | 2     | 4     | 7     | 9       | 9      | 6     | 32    |
| Stryn          | 4         | -2    | 6     | 7     | 3       | 6      | 18    | 16    |
| sande          | 0         | -1    | -3    | -8    | 4       | -1     | 1     | 3     |
| Herøy          | 3         | 1     | -5    | 2     | 2       | -2     | -2    | -1    |
| Ulstein        | 6         | 6     | -1    | -1    | 5       | -3     | 5     | -2    |
| Hareid         | 4         | 1     | -7    | -5    | 0       | -2     | 3     | -5    |
| Volda          | 27        | 19    | -1    | 1     | 8       | -5     | 2     | -7    |
| Ørsta          | 17        | 10    | 1     | 6     | 5       | 1      | 1     | -4    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Den største endringa i arbeidkraftmobiliteten er å finne i auken mellom Volda/Ørsta på den eine sida og Hornindal/Stryn på den andre sida. Dette kan nok sjåast som ein direkte konsekvens av kortare reiseveg gjennom Kviven.

## ARBEIDSREISE




Tenk deg at du skulle finne deg ein ny arbeidsgjevar:

*Kva ville vere den absolutt lengste reisetida ein  
veg frå arbeidsstaden som du kan strekke deg til?*



Illustrasjon: Creative commons

## ARBEIDSREISE - 2015



Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Undersøkinga seier noko om rekrutteringspotensialet til arbeidsmarkanden som finnast mellom ulike kommunar, og reflekterer også kvar folk forventar å finne arbeid. Figuren stadfester at dei fleste (rundt 60%) ikkje ynskjer å strekkje seg lenger en 45min reiseveg når dei skal på arbeid.

## HANDEL - 2015



Dersom du skulle førebu jula, og kjøpe inn mat presangar og kle;

*Nemn alle dei handelsdestinasjonane det ville vere naturleg for deg å reise til for å handle:*



Foto: Florø; Arne Hjorth Johansen (creative commons)

## HANDEL - 2015

% av dei spurde som oppgir følgjande aktuell handelsdestinasjon:

Bustadkommune

|                    | Hornindal | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
|--------------------|-----------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
| Handelsdestinasjon |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Førde              | 4         | 30    | 0     | 0     | 0       | 0      | 1     | 0     |
| Stranda            | 1         | 0     | 0     | 0     | 0       | 0      | 0     | 1     |
| Eid                | 47        | 33    | 6     | 0     | 1       | 0      | 16    | 5     |
| Hornindal          | 39        | 6     | 1     | 0     | 1       | 0      | 7     | 3     |
| Stryn              | 88        | 66    | 2     | 6     | 2       | 2      | 32    | 18    |
| Sande              | 0         | 2     | 25    | 3     | 0       | 2      | 2     | 0     |
| Herøy              | 0         | 1     | 45    | 70    | 29      | 17     | 7     | 6     |
| Ulstein            | 2         | 6     | 84    | 61    | 80      | 93     | 36    | 31    |
| Hareid             | 1         | 0     | 15    | 14    | 21      | 64     | 3     | 3     |
| Volda              | 74        | 36    | 36    | 34    | 35      | 25     | 82    | 67    |
| Ørsta              | 75        | 39    | 46    | 52    | 48      | 38     | 83    | 88    |
| Ålesund            | 21        | 28    | 50    | 52    | 62      | 67     | 51    | 47    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Dei rauda felta viser dei høgaste preferansane for handelsdestinasjon.

Over 50% = mørk raud

Mellom 30 og 50% = lys raud

Tala er vist som prosent av dei spurde i undersøkinga.

Ålesund står sterkt som handelsdestinasjon for heile den midtre og ytre delen av regionen.

I størst grad Ørsta, men også Volda har ein god posisjon som handelsdestinasjon for heile regionen.

Ulstein har ein sterk posisjon for kommunane i Ytre og til ein viss grad for Ørsta og Volda.

Liten og nesten ingen handelsmobilitet mellom Indre og Ytre

## HANDEL – ENDRING 2011 TIL 2015

Endring i % av dei spurte som oppgir følgjande aktuell handelsdestinasjon:


|                    | Bustadkommune |       |       |       |         |        |       |       |
|--------------------|---------------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|                    | Hornindal     | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
| Handelsdestinasjon | Førde         | -16   | -21   | 0     | 0       | 0      | 1     | -2    |
|                    | Stranda       | -3    | -1    | -1    | 0       | 0      | 0     | 1     |
|                    | Nordfjordeid  | -22   | 2     | 2     | 0       | -1     | -1    | -4    |
|                    | Hornindal     | 11    | 1     | 1     | 0       | 1      | 5     | 3     |
|                    | Stryn         | -4    | -2    | 2     | 6       | 1      | 27    | 11    |
|                    | Sande         | -1    | -1    | 6     | -1      | -2     | 2     | -1    |
|                    | Herøy         | 0     | 1     | 4     | -3      | -3     | -2    | 2     |
|                    | Ulstein       | 1     | 5     | -7    | -4      | -4     | 0     | -7    |
|                    | Hareid        | -1    | -1    | 0     | 2       | -14    | 1     | 0     |
|                    | Volda         | 58    | 28    | 5     | 11      | 5      | -2    | 2     |
|                    | Ørsta         | 62    | 33    | 6     | 21      | 7      | 1     | 3     |
| Ålesund            |               | -21   | -9    | -12   | -2      | -4     | 0     | -12   |



Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Den største endringa i handelsmobiliteten frå 2011 til 2015 finn vi i at befolkninga i Hornindal og Stryn i større grad ser det som aktuelt å reise til Ørsta og Volda for å handle, på kostnad av Nordfjordeid og langreiser til Førde og Ålesund.

Tilsvarande finn ein auka vilje for dei som er busett i Volda til å reise til Stryn for å handle. Elles ser det ut til at også Ørsta har styrkt sin posisjon som handelsdestinasjon for dei busette i Herøy kommune.



Kjelde Statistikkbanken, SSB

Den Nye Regionen har ikkje eit klart sentrum for detaljhandel, men Ulstein utgjer framleis eit klart tyngdepunkt. Ein ville gjerne forvente ein handlesvekst også i Ulstein etter opning av dei nye vegsambanda, men dette har ikkje skjedd. Det er fyrst og fremst Volda som har styrkt sin posisjon som handelssenter sidan 2008.

Det er fleire forhold som påverkar desse tala. Til dømes vil eit større tal studentar i Volda kunne auke detalvjarehandel per innbyggjar dersom desse ikkje er rekna inn i folketalet i Volda kommune. Studentalet i denne perioden har auka i følgje DBH (database for høgare utdanning), men om ein inkluderer studentar som truleg bur i Volda, men ikkje er folkeregistrert i kommunen, er folketalsauken likevel svakare i Volda enn i til dømes Ulstein. Eit aukande studenttal kan såleis ikkje forklare den sterke veksten i detaljhandel i Volda kommune.

Fleire nye varehus har blitt etablert i Furene-området i Volda kommune og desse kan vere med å forklare den auka posisjonen til Volda.

(I figuren over er kommunene Hornindal, Hareid og Sande ikkje tekne med. Desse har alle tre under 40 000 kroner i omsettjing per innbyggjar og har liten eller ingen vekst i denne perioden.)

## HANDELSANALYSE ØRSTA-VOLDA

- Asplan Viak (2013) antyder at: **Ulstein trekkjer til seg fleire handlarar** frå Ørsta-Volda enn omvendt (Utsalvarer)
  - baserer seg på tal frå 2008-2011
  - Tek difor ikkje omsyn til opninga av blant anna Coop Extra (2012), Plantasjen (2011), Amfi (nyopning 2012)



## FYLKESSTATISTIKK 2014

- Gjennomsnittleg årleg omsetjingsauke i Volda på vel 6% i perioden 2004-2012
  - 2% meir enn omsetjingsauken i Møre og Romsdal sett under eitt
- Dekningsgrad detaljvarer Volda:
  - 2011 berekna til 77-89%
  - 2012 berekna til 91-110%

Kjelder:  
Aplan Viak 2013, Handelsanalyse-Ørsta Volda  
Møre og Romsdal fylkeskommune 2015, Fylkesstatistikk 2014



## BESØKSOVERSKOT

- Telemarksforsking (2014): Besøksoverskot i Volda og Ørsta
  - Baserer seg på vekst av tal tilsette i besøksnæringane (aktivitetar, handel, overnatting og servering- næringar som er avhengig av personleg oppmøte)
  - Veksten i besøksnæringane er større enn folketalstilveksten skulle tilseie både i Volda og i Ørsta, og Volda fyrst etter 2008 noko som fell saman med opninga av dei nye vegsambanda.

Kjelde: Grimsrund, Nygård, Straume og Vareide 2014. Byregionen Volda-Ørsta



## UTFLUKT-2015



*Når du ser tilbake på det siste året;*

*Kva destinasjonar har du og husstanden din reist til  
når det var aktuelt med ei laurdags- eller  
søndagsutflukt?*



Illustrasjon: Pixabay - public domain

## UTFLUKT- 2015

% av dei spurte som har besøkt fylgjande destinasjonar:

| Destinasjon  | Bustadskommune |       |       |       |         |        |       |       |
|--------------|----------------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|              | Hornindal      | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
| Førde        | 3              | 16    | 0     | 1     | 0       | 1      | 1     | 1     |
| Stranda      | 18             | 4     | 4     | 2     | 7       | 10     | 14    | 8     |
| Nordfjordeid | 30             | 23    | 10    | 3     | 1       | 4      | 19    | 10    |
| Hornindal    | 4              | 9     | 10    | 6     | 7       | 4      | 24    | 17    |
| Stryn        | 58             | 28    | 21    | 26    | 28      | 18     | 30    | 39    |
| Sande        | 0              | 4     | 9     | 10    | 10      | 9      | 4     | 4     |
| Herøy        | 9              | 5     | 29    | 33    | 33      | 31     | 25    | 19    |
| Ulstein      | 7              | 5     | 42    | 29    | 35      | 53     | 37    | 39    |
| Hareid       | 3              | 3     | 10    | 8     | 18      | 28     | 12    | 12    |
| Volda        | 53             | 25    | 26    | 25    | 34      | 25     | 43    | 44    |
| Ørsta        | 61             | 24    | 35    | 24    | 37      | 23     | 48    | 43    |
| Ålesund      | 14             | 18    | 33    | 38    | 39      | 50     | 39    | 38    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Tala er vist som prosent av dei spurde i undersøkinga.

Dei rauda felta viser dei stadane flest har reist på utflykt til det siste året.

Over 50% = mørk raud

Mellom 30 og 50% er lys raud

Ålesund som destinasjon står relativt sterkt i store delar av regionen, sterkest for sunnmørskommunane, men også i nokon grad for nordfjordkommunane.

Dette bilete speglar til ein viss grad bilete av kva folk vel å reise for å handle.

Ulstein står relativt sterkt for alle kommunane i ytre og midtre delar av regionen, og Volda og Ørsta står spesielt sterkt som destinasjon saman med Stryn for dei som er busette i Hornindal kommune.

Det er også verd å merke seg at det er ein viss grad av utflyktstrafikk frå kommunane i Ytre til kommunane i Indre delar av regionen.

## UTFLUKT (ENDRING 2011 TIL 2015)

Endring i % av dei spurte som har besøkt fylgjande destinasjonar:

|             | Bustadkommune |       |       |       |         |        |       |       |
|-------------|---------------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|             | Hornindal     | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
| Destinasjon | Førde         | -7    | -14   | 0     | 1       | 0      | 0     | -1    |
|             | Stranda       | 3     | -1    | 1     | 0       | 4      | 6     | 3     |
|             | Nordfjordeid  | -19   | -5    | 5     | -4      | -3     | 3     | -1    |
|             | Hornindal     | -8    | 3     | 8     | 4       | 6      | 4     | 19    |
|             | Stryn         | -8    | -4    | 10    | 13      | 11     | 11    | 21    |
|             | Sande         | -5    | 1     | 2     | 3       | 0      | -1    | 0     |
|             | Herøy         | 7     | 3     | 3     | 1       | -7     | 1     | -1    |
|             | Ulstein       | 3     | 1     | -6    | -10     | -5     | 1     | 2     |
|             | Hareid        | 1     | 0     | -1    | -3      | -10    | 1     | 6     |
|             | Volda         | 43    | 14    | 7     | 2       | -1     | 8     | 12    |
|             | Ørsta         | 50    | 13    | 12    | -2      | -4     | -6    | 15    |
|             | Ålesund       | -16   | -7    | -7    | 3       | -6     | 4     | -7    |
|             |               |       |       |       |         |        |       | -6    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Dei rauda felta viser dei største endringane i kvar folk vel å dra på helgetur. Tala er vist som prosent av dei spurte i undersøkinga.

Over 20% auke = mørk raud

Mellom 10 og 20% auke = lys raud

Over 10% minke = grå

Sjølv om det framleis er ikkje stor utfluktstrafikk mellom kommunane i Ytre og kommunane i Indre, så har trafikken auka sidan 2011. Auken har kome i at fleire reiser frå Ytre og Midtre til Stryn. Den største auken har kome ved at større del av dei busette i Hornindal reiser til Ørsta og Volda. Dette har skjedd først og fremst på kostnad av reiser til Ålesund og Nordfjordeid.

## KULTURARRANGEMENT (2015)



*Kva destinasjonar har du besøkt i løpet av det siste året i samband med eit kulturarrangement?*



Foto:

t.h.: Creative commons (<https://commons.wikimedia.org/wiki/File:P%C3%A5-Sverre-Hagen.jpg>)

t.v.: Creative commons (<https://www.flickr.com/photos/redningsselskapet/7447173774>)

## KULTURARRANGEMENT (2015)

% av dei spurde som har besøkt fylgjande destinasjonar:

Bustadskommune

| Destinasjon  | Hornindal Stryn |         | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
|--------------|-----------------|---------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|              | Førde           | Stranda |       |       |         |        |       |       |
| Førde        | 1               | 1       | 0     | 1     | 0       | 0      | 0     | 0     |
| Stranda      | 9               | 1       | 3     | 0     | 1       | 2      | 3     | 0     |
| Nordfjordeid | 30              | 34      | 12    | 7     | 6       | 5      | 20    | 11    |
| Hornindal    | 26              | 5       | 2     | 3     | 1       | 2      | 9     | 6     |
| Stryn        | 63              | 55      | 6     | 8     | 9       | 1      | 14    | 6     |
| Sande        | 0               | 1       | 37    | 4     | 2       | 2      | 3     | 2     |
| Herøy        | 1               | 2       | 51    | 71    | 39      | 35     | 19    | 10    |
| Ulstein      | 4               | 2       | 58    | 39    | 78      | 72     | 21    | 20    |
| Hareid       | 0               | 1       | 13    | 6     | 14      | 16     | 4     | 3     |
| Volda        | 35              | 8       | 14    | 10    | 13      | 15     | 65    | 39    |
| Ørsta        | 27              | 10      | 24    | 9     | 18      | 21     | 64    | 71    |
| Ålesund      | 6               | 2       | 19    | 23    | 24      | 30     | 25    | 17    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Dei raude felta viser dei stadane der høgast prosent av dei spurte har reist på utflykt det siste året.

Over 50% = mørk raud

Mellanom 20 og 50% er lys raud

Primært ser det ut til at reiser i samband med kulturarrangement er innanfor same delregion. Nordfjordeid og Stryn trekkjer folk frå nordfjordkommunane. Destinasjonane Herøy og Ulstein trekker folk frå alle kommunane i Ytre og i nokon grad også frå Ørsta og Volda. Ørsta trekkjer på folk frå Hornindal, Sande, Hareid og Volda. Ålesund trekkjer i nokon grad folk frå alle sunnmørskommunane.

## KULTURARRANGEMENT (ENDRING 2011 - 2015)

Endring i % av dei spurde som har besøkt fylgjande destinasjonar:  
Bustadskommune

|              | Hornindal  | Stryn | Sande      | Herøy      | Ulstein    | Hareid | Volda | Ørsta |
|--------------|------------|-------|------------|------------|------------|--------|-------|-------|
| Destinasjon  | Førde      | -7    | 0          | 0          | 0          | 0      | 0     | 0     |
| Stranda      | 6          | -3    | 3          | -2         | 0          | 2      | 2     | -1    |
| Nordfjordeid | <b>-18</b> | -5    | 4          | 0          | 0          | -3     | -1    | -8    |
| Hornindal    | -5         | -1    | 2          | 2          | 1          | 2      | 8     | 6     |
| Stryn        | 1          | 5     | 5          | 2          | 3          | -2     | 9     | 0     |
| Sande        | 0          | 0     | 8          | -4         | -4         | -1     | 1     | 1     |
| Herøy        | 1          | 0     | 14         | 24         | 9          | 20     | 12    | 2     |
| Ulstein      | 4          | -1    | -1         | 0          | 2          | 7      | 3     | -6    |
| Hareid       | -2         | 0     | 4          | -5         | -7         | 5      | 2     | 0     |
| Volda        | <b>33</b>  | 2     | -3         | <b>-10</b> | -7         | 3      | -2    | -9    |
| Ørsta        | <b>25</b>  | 7     | 9          | -6         | -5         | 9      | 9     | 7     |
| Ålesund      | 5          | -7    | <b>-12</b> | -7         | <b>-15</b> | -10    | 6     | -9    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Dei største endringane frå 2011 til 2015 når det gjeld kulturreiser er auke i prosent av dei spurte frå Hornindal som reiser til Volda og Ørsta på kulturarrangement og at Herøy trekker sterkare på folk frå Hareid, Volda og Sande.

Over 20% auke = mørk raud

Mellan 10 og 20% auke = lys raud

Over 10% minke = grå

## SJUKEHUS



*Kva slags sjukehus med akuttmottak ser du som ditt lokalsjukehus?*

## SJUKEHUS (2015)

% av dei sprude som har oppgitt følgjande som sitt lokalsjukehus:

Bustadkommune

|                      | Hornindal | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
|----------------------|-----------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
| Åse/Ålesund sjukehus | 1         | 0     | 12    | 18    | 21      | 48     | 3     | 5     |
| Førde sykehus        | 4         | 27    | 1     | 0     | 0       | 2      | 0     | 0     |
| Volda sjukehus       | 74        | 34    | 87    | 81    | 78      | 49     | 96    | 94    |
| Nordfjordeid sykehus | 16        | 27    | 0     | 0     | 0       | 0      | 0     | 0     |
| Ingen av disse       | 4         | 9     | 0     | 1     | 0       | 0      | 1     | 1     |
| Vet ikke             | 1         | 3     | 0     | 0     | 1       | 2      | 0     | 0     |



Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Tala er oppgjeve i prosent av dei spurde. Volda sjukehus blir sett som lokalsjukehuset for kommunane Hornindal, Sande, Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta. Hareid er delt i to mellom Ålesund og Volda sjukehus. For Stranda er Ålesund sjukehus lokalsjukehus, Volda sjukehus er knapt nemnd. For befolkninga i Eid kommune er Nordfjordsjukehus lokalsjukehus, men ein stor del oppfattar også Førde og Volda som lokalsjukehus.

Dei rauda felta markerer sterkest preferanse for sjukehus:

Over 50% = mørk raud

Mellom 30 og 50% er lys raud

## SJUKEHUS (ENDRING 2011 TIL 2015)

Endring i % av dei sprude som har oppgitt følgjande som sitt lokalsjukehus:

|                      | Bustadkommune |       |       |       |         |        |       |       |
|----------------------|---------------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|                      | Hornindal     | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
| Åse/Ålesund sykehus  | 1             | 0     | -6    | -5    | 2       | -19    | 3     | 5     |
| Førde sykehus        | -1            | 9     | 1     | 0     | 0       | 2      | 0     | -1    |
| Volda sjukehus       | 73            | 32    | 6     | 5     | -3      | 19     | -3    | -4    |
| Nordfjordeid sykehus | -78           | -51   | 0     | 0     | 0       | 0      | 0     | -1    |
| Ingen av disse       | 4             | 7     | 0     | 0     | 0       | -1     | 0     | 1     |
| Vet ikke             | 1             | 3     | -1    | 0     | 1       | -1     | 0     | 0     |




Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Den største endringa frå 2011 er at storparten av befolkninga i Hornindal og Stryn ikkje lenger ser på Nordfjord som sitt lokalsjukehus men Volda. Dette samanfell med nedlegginga av fødeavdelinga på Nordfjordeid i 2012 og opninga av Kvivstunnellen.

Vi ser også ein endring i orientering mot lokalsjukehus i Volda på kostnad av Ålesund som lokalsjukehus for folk i Hareid kommune

## SJUKEHUS



MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: SSB og NHI (Norsk Helse Informasjon)

Figuren viser at ein aukande del av fødslane i den Nye Regionen vert tekne i mot ved Volda sjukehus. Den største auken ser vi frå 2011 og framover. Dette fell saman opninga av Kviven, og som den viktigaste faktoren; nedlegging av fødestova på Nordfjordeid.

## FLYREISE



*Dersom du skulle reise med fly til «destinasjon»,  
kva slags flyplass ville du velje å reise ifrå?*



Foto: Kjetil Eggen ([https://commons.wikimedia.org/wiki/File:%C3%98rsta\\_Volda\\_lufthavn\\_2015.JPG](https://commons.wikimedia.org/wiki/File:%C3%98rsta_Volda_lufthavn_2015.JPG))

## FLYREISE - 2015

% av dei sprude som har oppgitt følgjande preferanse for avreiseflyplass:

|                          | Hornindal | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
|--------------------------|-----------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
| <b>Fly til Oslo</b>      |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Ørsta/Volda (Hovden)     | 85        | 61    | 43    | 53    | 38      | 14     | 86    | 81    |
| Ålesund Lufthavn (Vigra) | 11        | 13    | 56    | 43    | 57      | 83     | 13    | 15    |
| Sandane (Anda)           | 4         | 18    | 0     | 0     | 1       | 0      | 0     | 0     |
| Andre/veit ikkje         | 0         | 8     | 1     | 4     | 4       | 3      | 1     | 4     |
| <b>Fly til Trondheim</b> |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Ørsta/Volda (Hovden)     | 68        | 56    | 24    | 23    | 23      | 6      | 39    | 32    |
| Ålesund Lufthavn (Vigra) | 22        | 13    | 75    | 72    | 75      | 86     | 58    | 63    |
| Sandane (Anda)           | 2         | 15    | 0     | 0     | 0       | 0      | 0     | 1     |
| Andre/veit ikkje         | 8         | 16    | 1     | 5     | 2       | 8      | 3     | 4     |
| <b>Fly til Bergen</b>    |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Ørsta/Volda (Hovden)     | 88        | 53    | 48    | 60    | 43      | 21     | 79    | 80    |
| Ålesund Lufthavn (Vigra) | 7         | 9     | 51    | 38    | 54      | 71     | 18    | 17    |
| Sandane (Anda)           | 2         | 22    | 0     | 0     | 1       | 0      | 0     | 1     |
| Andre/veit ikkje         | 3         | 16    | 1     | 2     | 2       | 8      | 3     | 2     |



Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Dei raude felta markerer sterkest preferanse for avreiseflyplass:

Over 50% = mørk raud

Mellan 30 og 50% er lys raud

(Alternativa Sogndal (Haukåsen), Sandane (Anda), Florø lufthavn og «veit ikkje» var også alternativ som var med i undersøkinga. Desse svaralternativa fekk ikkje over 20% preferanse og er difor ikkje presentert her)

Indre (Stryn og Hornindal):

Både for Hornindal og Stryn ser det ut til at det er Hovden som blir oppfatta som fyrste valet av flyplass i 2015.

Midtre (Ørsta/Volda):

Ørsta og Volda har klare preferansar for den lokale flyplassen, men ein ser også at dette er styrt av rutetilbodet. Når det gjeld reiser til Trondheim vert Vigra føretrekt som avreiseflyplass. Dette fell saman med at det ikkje per i dag er direkte ruter mellom Hovden og Trondheim

Ytre (Sande, Herøy, Ulstein, Hareid):

Kommunane i ytre er delt mellom Vigra og Hovden. Hareid har sterkest preferanse for Vigra medan dei andre kommunane har sterkest preferanse for Hovden når dei skal til Oslo og til Bergen. Når reisa går til Trondheim fell valet på Vigra.

## FLYREISE (ENDRING 2011 TIL 2015)

Endring i % av dei sprude som har oppgitt følgjande preferanse:

|                          | Hornindal | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
|--------------------------|-----------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
| <b>Fly til Oslo</b>      |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Ørsta/Volda (Hov)        | 54        | 44    | 6     | 7     | -2      | -2     | -9    | -9    |
| Ålesund (Vigra)          | -18       | 2     | -5    | -8    | 1       | 1      | 9     | 6     |
| Sandane (Anda)           | -31       | -42   | 0     | 0     | -1      | 0      | 0     | 0     |
| Andre/veit ikkje         | -5        | -2    | -1    | 1     | 2       | 1      | 0     | 3     |
| <b>Fly til Trondheim</b> |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Ørsta/Volda (Hov)        | 48        | 46    | 6     | -3    | 9       | -1     | -1    | 1     |
| Ålesund (Vigra)          | -13       | -4    | -1    | 11    | -1      | 1      | 5     | 0     |
| Sandane (Anda)           | -20       | -32   | 0     | 0     | -1      | 0      | 0     | 1     |
| Andre/veit ikkje         | -14       | -10   | -5    | -8    | -7      | 0      | -4    | -2    |
| <b>Fly til Bergen</b>    |           |       |       |       |         |        |       |       |
| Ørsta/Volda (Hov)        | 60        | 37    | 13    | 15    | 9       | 2      | -9    | 1     |
| Ålesund (Vigra)          | -16       | 4     | -8    | -10   | -2      | -2     | 11    | 4     |
| Sandane (Anda)           | -36       | -33   | 0     | 0     | 0       | 0      | 0     | 1     |
| Andre/veit ikkje         | -8        | -7    | -5    | -4    | -7      | 1      | -2    | -6    |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMORE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Den store endringa sidan 2011 er å finne i kommunane i Indre (Stryn og Hornindal) som no har fått ein stor reduksjon i reiseveg gjennom Kviven til Hovden. Tabellen viser ein stor auke i bruk av Hovden som flyplass på kostnad av både Anda og Vigra.


Over 20% auke = mørk raud

Mellan 10 og 20% auke = lys raud

Over 10% minke = grå

## FLYTRAFIKK

Sum inn- og utgående passasjertrafikk Ørsta-Volda lufthamn, Hovden, 1971-2014



MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Avinor

Figuren viser utviklinga av flytrafikken ved Ørsta- Volda lufthamn. I 2012 passerte Ørsta-Volda lufthamn den magiske grensa på 100 000 passasjerar per år.

Eiksundsambandet gav ein umiddelbar verknad og rask vekst i passasjertala både i 2008 og nok også i 2009. I 2012 kan vi også sjå ein vekst som fell saman med opninga av Kviven, om enn ikkje like stor som ved opninga av Eiksund sambandet.

Det er ikkje forventa ein vedvarande vekst som fylgje av opninga av vegsambanda, og frå 2013 til 2014 ser vi ein svak negativ vekst for fyrste gong sidan 2001. Det er fleire andre faktorar som til dømes rutetilbod og konjunkturar som no er styrande for endringar i passasjertrafikken.

## KVIVSVEGEN



*Kvivsvegen opna hausten 2012 og knytte saman Søre Sunnmøre og Nordfjord.*

*Kva slags fordelar har dette vefsambandet gjeve deg?*



Foto: Sundgot

([https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/0/01/New\\_part\\_of\\_Kvivsvegen\\_1.jpg](https://upload.wikimedia.org/wikipedia/commons/0/01/New_part_of_Kvivsvegen_1.jpg))

## FORDELAR AV KVIVSVEGEN (2015)

% av dei sprude som har oppgitt fylgjande fordel:

|  | Bustadskommune |       |       |       |         |        |       |       |
|--|----------------|-------|-------|-------|---------|--------|-------|-------|
|  | Hornindal      | Stryn | Sande | Herøy | Ulstein | Hareid | Volda | Ørsta |
| Kortare reisetid til austlandet<br>(Oslo)                | 3              | 4     | 43    | 42    | 46      | 39     | 35    | 38    |
| Tilgang til nye område for natur<br>og fritidsinteresser | 10             | 3     | 4     | 4     | 13      | 10     | 6     | 5     |
| Kortare reisetid til vestlandet<br>(Bergen)              | 4              | 2     | 23    | 28    | 34      | 25     | 16    | 25    |
| Tilgang til ein større<br>arbeidsmarknad                 | 30             | 8     | 2     | 2     | 2       | 1      | 6     | 10    |
| Til gang til eit større<br>handelsområde                 | 48             | 22    | 5     | 1     | 3       | 2      | 8     | 13    |
| Kortare reisetid til Ålesund                             | 10             | 22    | 3     | 4     | 4       | 2      | 2     | 3     |
| Kortare reisetid til arbeidsplass                        | 11             | 6     | 1     | 2     | 4       | 3      | 5     | 11    |
| Kortare reisetid til sjukehus                            | 18             | 8     | 0     | 3     | 3       | 3      | 1     | 2     |
| Kortare reisetid til<br>skule/høgskule                   | 11             | 4     | 2     | 2     | 3       | 2      | 1     | 0     |
| Kortare reisetid til flyplass                            | 24             | 23    | 1     | 4     | 4       | 2      | 0     | 1     |

MØREFORSKING

SpareBank 1  
SØRE SUNNMØRE

Kjelde: Eigne opinionsundersøkingar – 2011 og 2015

Dei rauda felta markerer dei fordelane som vert nemnt av flest respondentar:

Over 40% = mørk raud

Mellom 20 og 40% er lys raud

Berre dei mest sentrale fordelane er presentert her.

Tala i tabellen er gitt i prosent av respondentane som nemner same fordel. Dette er fyrste spørsmålet i opinionsundersøkinga at Kvivsvegen har blitt nemnt. Spørsmålet er også stilt utan svaralternativ og mange av svara kunne ikkje klart kategoriserast (og er heller ikkje synleg i denne presentasjonen)

Fordelen som utpeikar seg er kortare avstand til austlandet for kommunane i Ytre og Midtre, og i nokon grad kortare reisetid til Vestlandet (Bergen) for dei same kommunane. Hornindal og Stryn nemner at tilgang til eit større handelsområde, ein større arbeidsmarknad og kortare reisetid til flyplass er viktige fordelar av Kvivsvegen.

## KONKLUSJON

- Dei to nye vegsambanda har påverka samfunnsutviklinga på mange område.
- Eiksundsambandet: Framleis pågåande integrering.
- Kvivsvegen: Tydeleg auke av mobilitet mellom kommunane på dei to sidene av sambandet



Dei to nye vegsambanda har påverka samfunnsutviklinga på mange område. Det er grunn til å tru at sjølv om det no er sju år sidan opninga av Eiksundsambandet så er integreringa mellom dei to sidene i sambandet framleis pågående. Noko mellom anna den sterke og vedvarande auken i trafikk gjennom sambandet også viser.

Det er enno berre to og eit halvt år sidan Kvivstunnellen opna. Kvivstunnellen knyter saman to delregionar som ligg i kva sitt fylke som før opninga ikkje hadde nokon felles "identitet". Likevel ser ein ei tydeleg auke av mobilitet mellom kommunane på dei to sidene av sambandet. Det er grunn til å tru at denne auka mobiliteten vil skape ein stadig sterkare integrasjon inn mot den Nye Regionen, men det er enno tidleg å vurdere den fulle effekten av dette sambandet sidan integrasjon av arbeidsmarknad, kulturliv tek tid.





MØREFORSKING

MØREFORSKING AS

Postboks 5075

NO-6021 Ålesund

TEL +47 70 11 16 00

epost@mfaa.no

www.moreforsk.no

NO 991 436 502



Høgskolen i Molde



HØGSKULEN I VOLDA



HØGSKOLEN  
I ÅLESUND

---